

Krav til berbar datamaskin for elevar ved Sygna vidaregåande skule

Alle elevar på vidaregåande skule må ha berbar datamaskin.

Det er også mogleg å bruke nettbrett, men då bør du ha eit godt tastatur og eigna programvare.

Alle elevane kan leige berbar PC med grunnleggande programvare frå skulen.

Elevar som leiger PC frå skulen må underteikne eigen avtale. Årleg leige er lik lågaste sats for utstyrstipend (for skuleåret 2016/2017 var det kr 991,-).

Dersom ein elev nyttar eigen PC/Mac er eleven sjølv ansvarleg for vedlikehald, forsikring og reparasjonar. Vi tilrår då sterkt å teikne utvida garanti og vedlikehaldsavtale med leverandør.

Skulen si IT-avdeling kan gje råd og avgrensa support.

KRAV TIL PC/MAC:

Operativsystem:	Mac OS X eller Windows 7/8/10
Antivirusprogram:	Alle maskiner (også Mac) skal ha oppdatert antivirusprogram
Tekstbehandling og rekneark:	Skolen har Microsoft Office til alle elever og tilsette.

Tilleggsprogram kan vere aktuelt for dei ulike utdanningsprogramma/programområda.